

NORDRE HOLSNØY HJORTEVALD

BESTANDSPLAN



2015 – 2016

Jaktfelta:

<i>Skintveit</i>	<i>Rosland</i>	<i>Åsebø</i>	<i>Vikebø</i>
<i>Skurtveit</i>	<i>Io</i>	<i>Landsvik Nord</i>	<i>Landsvik Sør</i>
<i>Kårbø</i>	<i>Skjellanger /Bratshaug</i>	<i>Husebø/Bratshaug /Sætre</i>	


1.0 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for planlegginga

Nordre Holsnøy hjortevald ønskjer å følgje opp ansvaret som grunneigarane har for å drive planbasert og stammeretta forvaltning, og søker det sjølvstyret som planlegginga gjev.

Planen er ei oppfølging av tidlegare avskytingsavtalar med Meland kommune for 2001-2002, 2003-2006, 2007-2011 og 2012-2014.

1.2 Planområde



Planområdet høyrer til Nordre Holsnøy hjortevald, som ligg nord i Meland kommune i Hordaland fylke. Området er på 23181 daa teljande areal. I planområdet til Nordre Holsnøy Hjortevald område ligg det to områder som er uavhengige Hjortevald. Dette er Sætremarka og Kårbø. Desse valda har eit areal på 1564da og 2628da.

Meland kommune er ein landbrukskommune. Planområdet i nordre del av Holsnøy har omlag 75 gardsbruk med opp mot 3000 daa dyrka mark. Naturtypene varierer frå lynghei og glissen furuskog til plantefelt av gran, tette lauvskogler og snauffjell. Eldsfjellet ligg omlag midt i planområdet, og strekker seg omlag 330 meter over havet.

1.3 Rettstilhøve og organisering

Nordre Holsnøy Hjortevald vart skipa i 2001.

Jaktfelt	Teljande areal (ink. Elsfjellet)
Skintveit	1018 da
Rosland	3601 da
Åsebø	885 da
Vikebø,	1006 da
Skurtveit	2068 da
Io	2 236 da
Landsvik Nord	2 001 da
Landsvik Sør	2556 da
Kårbø	777 da
Skjelanger, Bratshaug,	3517 da
Husebø , Bratshaug, Sætrøvik	3517 da
Sum areal	23181 da

1.4 Planprosess

Driftsplanprosessen er gjennomført av styret i Nordre Holsnøy hjortevald i samarbeid med jaktfeltleiarane. Kommunen har vore høyringspart. Planen skal godkjennast av jaktfelte på eit jaktfeltleiar møte.

1.5 Planperiode og planstatus

Planperioden gjeld i 2 år frå 2015 til 2016. Vedteken bestandsplan er bindande for jaktfelte i valdet. Planen er underordna offentleg planverk. Den skal vere tilpassa kommunen sin forvaltningsplan. I tillegg har Meland kommunen ansvaret for å innarbeide den i si overordna planlegging. Det vert for tida gjennomført eit kontinuerleg arbeid i kommunane i Nordhordland med å tilpassa forvaltninga dei nye forskriftene. Det vert fram mot 2017 arbeid med å definera eit større bestandsplanområde. Valdet vil følgje med på dette arbeidet og revidere planen fortløpande i samarbeid med forvaltninga i kommunen.

2.0 EVALUERING, GJENNOMFØRT AVSKYTINGSPLAN (2012 - 2014)

2.1 Avskyting

Nordre Holsnøy hjortevald har hatt avskytingsavtale med KML i Meland kommune for 2012 - 2014. Valdet fekk tildelt eit antal frie dyr kvart år som skulle avskytast med fordeling i høve til planen. Totalt vart det delt ut 153 løyve i planperioden.

Det vart til saman felt 116 dyr i dei tre åra. **Samla fellingsprosent for planperioden var 76%.** Dette er lågare enn førige periode der fellingsprosenten var **93,2%.**

I heile Meland kommune vart det på dei tre åra tildelt 588 fellingsløyve. Det vart felt 433 dyr. Dette er ein fellingsprosent på 74%. Arealgrunnlaget for valdet var 454 da/dyr.

Nabovalda «Kårbø» og Sætremarka» jaktar på same bestand som Nordre Holsnøy Hjortevald. Kårbø hadde i åra 2012, 2013 og 2014 fellingsløyve på 8 dyr kvart år, og Sætremarka hadde fellingsløyve på 4 dyr kvart år. Fellingsprosenten for desse åra var 79 % på Kårbø , og 67 % på Sætremarka.

Arealgrunnlaget for Kårbø var i perioden på 329 daa/dyr. For Sætremarka var arealgrunnlaget på 391daa/dyr.

Avskytingsplanen hadde mål for kjønns- og aldersfordeling i uttaket. Avtalen med kommunen sette grensa for avvik til 10 %. Avviket på avskyting på 8,5% av kolle frå 1 ½ år var det høgaste avviket, men likevel innanfor målet på 10%.

Eit av måla i førige planperiode var å få redusera stamma i området. Dette vart gjort ved å ha ein relativt høgt tal med løyve. Dette var også i samsvar med kommunen sin målsetjing i same periode.

Tabell 1. Mål for prosentvis fordeling i uttaket, fellingsresultat og avvik frå målsetjinga pr år i planperioden.

	Tildelt	Kalv	Bukk 1 ½ år	Kolle frå 1 ½ år	Bukk frå 2 ½ år	Resultat	Kalv	Bukk 1 ½ år	Kolle frå 1 ½ år	Bukk frå 2 ½ år
2012 stk	51	10	13	20	8	48	7	14	21	6
2012 [%]	100 %	18 %	32 %	32 %	18 %	94 %	14,6 %	29,2 %	43,8 %	12,5 %
2013 stk	51	10	13	20	8	36	5	11	14	6
2013 [%]	100 %	18 %	32 %	32 %	18 %	71 %	13,9 %	30,6 %	38,9 %	16,7 %
2014 stk	51	10	13	20	8	32	3	7	12	10
2014 [%]	100 %	18 %	32 %	32 %	18 %	63 %	9,4 %	21,9 %	37,5 %	31,3 %
Sum stk	153	30	39	60	24	116	15	32	47	22
Sum [%]	100 %	18 %	32 %	32 %	18 %	75,8 %	12,9 %	27,6 %	40,5 %	19,0 %
Avvik [%]						24,2 %	5,1 %	4,4 %	8,5 %	-1,0 %

Resultata frå jakta i perioden gjev klåre indikasjonar på at me har nådd målsetjinga. Det har vore vanskeleg å skyta det talet dyr som vart tildelt. Sett hjort registreringar og innrykket til jagarar og grunneigar syner og at det er noko mindre hjort i området. Konklusjonane samsvarer med resten av kommunen og heile fylket for øvrig.

2.2 Jaktsamarbeid

Fleire jaktfelt har samarbeid om jakta i planperioden.

2.3 Drift av valdet

Drifta av valdet har gått bra. Samarbeidet har fungert fint. Valdet har nytta elektronisk registrering av «sett hjort». Intrykket er at kvaliteten på registreringane har auka og at dette kjem til å verta eit nyttig verktøy i det vidare arbeidet med forvaltninga.

3.0 MÅLSETTING

3.1 Biologi

Hovudmålsetjinga er å drive ei forutsigbar, langsiktig og stammeretta forvaltning som stabiliserer bestanden på eit forsvarleg nivå i høve til bestandens kvalitet, og skader på skog og innmark.

Delmål i planperioden er å:

- * Stabilisere tettleiken av dyr i området og det årlege utaket på kring 41 dyr.
- * Auka avskyting i starten av planperioden i dei område ein har store skader på innmark.
- * Fremje god produksjon, med ei stabil og ”kjent” bestandsutvikling. Dette ved å gjennomføre ei jamn årleg avskyting (antal og struktur).
- * Auke gjennomsnittleg kroppsvekt for 1 ½ år gamle dyr.
- * Sikre nok stamkoller/tradisjonsdyr i alle felta i planområdet.
- * Sikre nok storbukk i stamma. (Alle jaktfelt bør har storbukk i området)
- * Ha fokus på å skyta mindrevverdige dyr av alle kategoriar (skrapdyr)

Verkemidlane for å nå måla går fram av bestandsplanen/tiltaksdelen.

3.2 Næring

Det generelle, næringsmessige målet er å omtale grunnlaget for næringsutvikling, og synleggjere moglege tiltak og satsingsområde.

Ut over dette går ikkje driftsplanen inn på næringsaspektet etter ønskje frå grunneigarane.

4.0 PLANFØRESETNADAR OG BESTANDSDATA

4.1 Bestandsutvikling og avskyting

4.1.1 Vurderingar

Minstearealet i Meland kommune er frå 2012 sett ned frå 750daa til 400 daa. I tillegg kan 50% regelen nyttast.

Fellingsprosenten frå 2012-2014 er i Meland Kommune er på 74 %. Frå 2011 har antal løyve auka frå 175 til 196 dyr kvart år. Dei tre siste åra har det vore ein nedgang i avskytinga med høvesvis 167, 140, og 126 felte dyr. Dette kan tyda på ein nedgang i hjortestamma i kommunen.

For Nordre Holsnøy Hjortevald var fellingsprosenten i planperioden var på 76% . Registreringar og fellingsresultatet i planperioden tyder på ein nedgang i hjortestamma. Intensjonen i planperioden var å redusera stamma noko, då det var mykje plage med skader på innmark og skog. Dette var også ein av intensjonane til kommunen sin overordna strategi.

Me tolkar det slik at planen har fungert etter hensikta som var å redusera stamma mellom anna på grunn av skader på skog og innmark. Dei fleste felte ser jamt godt med dyr. Andre felt opplever lite dyr, spesielt i jakta. Dette kan skyldast at ein del av stamdyra og tradisjonsberarane er tekne vekk/skote i dei siste åra. Oppgåva her må verta å spara stamdyr i kommande planperiode for å byggja opp at stamma i desse felte. Målet må no vere å stabilisera stamma i valdet.

4.2 Trekkmønster og arealbruk

Dyra er i hovudsak jamt fordelt i valdet, men tettleiken varierer enkelte stader i løpet av året. Område kan i perioder være "tomme" for dyr, til dømes grunna beiting av husdyr og spredning av naturgjødse. Ved lengre perioder med nordavind vil tettleiken med dyr i nordre områder auke. Om vinteren er det størst tettleik i områder med skog, der dyra finn skjul og kan beite på kvister og skudd. Om våren trekker dyrene til områder med godt beite (innmark). Dei siste åra har vist at det er stor tettleik av dyr i nordre del av valdet. I tillegg har Io hatt mykje dyr dei siste åra.

Det har vore GPS merking av ein hjort på Kårbø/Landsvik. Dette i samband med eit prosjekt for å kartleggja vandringer til hjorten. Generelt visar det seg at hjort på øyer trekkjer mindre enn hjort på fastlandet. Bukkar trekkjer lengre og i større grad enn koller. Hjorten på Kårbø/Landsvik har vore i same område i heile perioden og er særstadbunden. Dette viser kor viktig det er og spara stamdyr og tradisjonsberarane i eit område.


Ein annan faktor som og kan spela inn på korleis hjorten nyttar arealet er sjølv jakta og korleis den vert gjennomført. Det kan sjå ut som at dei jaktfelte som jaktar mykje med mange jegerar har mindre dyr i områda enn dei områda med få personar som jaktar.

Vidare ser ein tydeleg at område der det har vore etablering av turstiar og terrenget aktivt vert nytta gjennom heile året, at hjorten trekkjer ut av området og finn seg andre og rolegare plassar.

4.3. Bestandskartlegging

4.3.1 Vårteljingar

Det har dei siste åra vore gjennomført vår teljingar av hjort i samarbeid med kommunen. Kor mykje dyr ein ser på desse teljingane har variert noko, men trenden er at ein ser mindre hjort for kvart år totalt i kommunen. Det er fleire faktorar som har innverknad på vårteljingane. Mellom anna ver og vind, og ikkje minst tidspunkt for spreining av husdyrgjødse. Detaljane i teljingane er vorte mykje betre dei siste åra. Kategorien «ukjent» minkar frå år til år.



For åra 2013, 2014, og 2015 var dei samla tala høvesvis 320, 213, og 206 dyr.

4.3.2 "Sett hjort" og slaktevektregistreringar

Nordre Holsnøy hjortevald har drive "Sett hjort"-registrering i planperioden. Dei siste to åra har registreringane vore levert elektronisk. Slaktevekt har ikkje vore registert i alle felta.

4.4 Skader på dyrka mark og skog

Skadepresset på skog og innmark i Meland kommune og planområdet, har auka i takt med bestandsveksten dei siste åra. Dyrka eng er mest utsett, men skader på ungskog er også utbreidd.

4.5 Påkøyrslø og irregulær avgang

Påkøyrslø av hjort skjer kvart år, og vegen mellom Rossland og Kårbø er den mest utsette strekninga i valdet. Det er ingen rapportar om irregulær avgang.

5.0 STATUS FOR NÆRING OG REKREASJON

Grunneigarane jaktar for det meste sjølv, og det er liten tradisjon for sal av hjortejakt i kommunen. Eigen rekreasjon står som oftast i sentrum.

Det er ikkje kjent at det vert seld jakt med tilleggstenestar innafor planområdet. Samarbeid med reiselivet eller andre lokale aktørar utafor grunneigargruppa, er også ukjent.

Grunnlaget for å drive næringsutvikling vert sett på som dårleg, sidan svært mange rettshavarar er involvert. Dette gjev mellom anna lite utbytte til den enkelte og delte meiningar om jaktsal. Bruk av mogelege salsinntekter til fellestiltak, har ikkje vore vurdert.

6.0 TILTAKSDEL FOR BIOLOGI

6.1 Bestandsplan

Nordre Holsnøy hjortevald søker om 41 løyve pr år, totalt 82 løyve i planperioden. Dette er ein nedgang frå førre planperiode. Arealgrunnlaget pr dyr vert 565 daa, noko høgare enn minstearealet i kommunen på 400da.

Av felte dyr ønskjer ein for heile planperioden følgjande fordeling på kjønn og alder:

Kategori	Prosent	Tal dyr/året	Tal dyr i perioden
Kalv	20 %	10	30
1 ½ år hanndyr	25 %	12	46
Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)	40 %	20	60
Vaksne hanndyr (2 ½ år og eldre)	15 %	8	24

Nærare forklaring til avskytingsopplegget:

- * Avskytingsopplegget tek 1 ½ år gamle hodyr inn i gruppa "Vaksne dyr" i tråd med Hjorteføreskrifta si inndeling. Målet er at omlag 20% av dyra i gruppa vert felt som 1 ½ åringar.*
- * Avskytingsopplegget har 1 ½ år gamle hanndyr (spissbukk) som eiga gruppe, sidan Gruppa er lett å skilje i jaktsituasjonen.*
- * Hovudregelen er at kalv skal følgje kolle ved tildeling til felta.*
- * Jaktfelta bør ha særleg fokus på at små, svake og synleg sjuke dyr skal takast ut.*
- * Store og fine bukkar bør sparast*
- * Valdet ønskjer å styre tildelinga/uttaket av produksjonsdyr til område med høg tettleik/stort skadepress.*
- * Valdet vil oppmode/leggje til rette for jaksamarbeid mellom jaktfelta. Ein ser dette som vesentleg for å kunne oppnå ein høg fellingsprosent. Det er i vedtektene for valdet, § 8, sagt korleis slik jakt skal utøvast. Styret kallar inn til jaktfelleiarmøte undervegs i jakta for å leggje tilhøva til rette for samordning av jaksamarbeid.*
- * Uttak av "skadedyr" utafør ordinær jakttid skal godkjennast av Meland kommune.*

6.2 Andre tiltak

Nordre Holsnøy hjortevald vil arbeida for å ivareta grunneigarane sine plikter og rettar innafør viltforvaltninga. Valdet ynskjer å løysa sine oppgåver gjennom samarbeid til beste for hjortestamma i området. Valdet skal ta initiativ og i samarbeid med kommunen og nabovalda arbeide vidare for ein best muleg stammeretta forvaltning.

Sett hjort registreringar under jakta skal ha spesielt fokus i planperioden. Dette er eit viktig reiskap for å kunna driva ein god forvaltning. Jaktfelleiarane vil her få eit spesielt ansvar, men styret må leggja forholda til rette for og enkelt kunne registrera og samla inn data.

Slaktevekt skal registrerast på alle felte dyr på « www.settogskutt.no ». Små og svake dyr kan godt dokumenterast med foto.

Jaktfelt som i stor grad tek ut små og skrale dyr får mindre kjøt i frysen enn dei som ikkje gjer det. Ein kompensasjon for dette, i form av fleire løyve påfølgjande år, bør bli gjenstand for diskusjon ved fordeling på årsmøtet.

Felling av sjuke og skada dyr skal ikkje gå på kvoten. Slike tilfelle skal dokumenterast og gjennom vald ansvarleg rapporterast til viltforvaltninga i kommunen.

7.0 TILTAKSDEL FOR NÆRING OG REKREASJON

Tiltaksdelen for næring er av svært generell karakter.

Ansvar for jaktutøving og næringsutvikling ligg til kvart enkelt jaktfelt, men Driftsplanen nemner moglege tiltak innafor rekreasjon og næring.

Næringsverdien aukar ved å vurdere hjortejakta i samanheng med utbod av tilleggstenestar knytt til jakta.

Mogelege tiltak knytt til jakta:

- * Rydding/sikring av postplassar
- * Montering av viltkamera i jaktfelta
- * Bygging av jakttårn
- * Utarbeiding av valdkart/jaktkart
- * Opparbeiding av beitehagar

Mogelege tiltak knytt til handsaming og foredling av hjortekjøtt:

- * Etablering av veterinærgodkjent slakteplass for vidareasal av kjøtt
- * Etablering av felles kjøle-/fryserom
- * Etablering av innsamlingsplass for hjorteskin

Kurs/MØTE:

- * Kurs i jaktsal (aktuelle samarbeidspartar kan vere Hordaland Bondelag og Meland Kommune).

VEDLEGG 1.

FRAMLEGG TIL AVSKYTINGSAVTALE MELLOM NORDRE HOLSNØY HJORTEVALD OG MELAND KOMMUNE

På bakgrunn av godkjent bestandsplan vert det inngått følgjande avtale mellom Nordre Holsnøy hjortevald og Meland kommune

1. Nordre Holsnøy hjortevald får tildelt årleg kvote i planperioden som valfrie dyr i tråd med § 19 i ” Forskrift om forvaltning av hjortevilt” og under føresetnad av at godkjent bestandsplan vert følgd.
2. Nordre Holsnøy hjortevald fordeler sjølv den tildelte fellingskvota mellom jaktfelte i viltlaget.
3. Nordre Holsnøy hjortevald skal arbeide for ei fordeling av felt hjort i avtaleperioden som er i samsvar med godkjent bestandsplan. Meland kommune aksepterer eit avvik på inntil 10 % frå bestandsplanen.
Alle prosenttal vert rekna av det totale talet på felte dyr i planperioden på 2 år.
4. Nordre Holsnøy hjortevald skal levere inn årlege fellingsrapportar og følgje opp eventuelle registreringar og innsamlingar etter initiativ frå styremaktene.
5. Nordre Holsnøy hjortevald skal ta bestandsplanen opp til årleg vurdering i høve til nye erfaringar og ny kunnskap. Eventuelle endringar utover rammene i avskytingsavtalen med Meland kommune, må godkjennast av kommunen.
6. Nordre Holsnøy hjortevald er kjent med at fråvik utover det som er gitt i pkt. 5, eller mishald av avtalen på andre måtar, kan medføre at kommunen seier opp avtalen, og at valdet for komande år får målretta tildeling i samsvar med § 21 i hjorteviltføreskrifta.
7. Avtalen vert skriven ut i to eksemplar. Partane har eitt eksemplar kvar.

Stad/dato;

For Nordre Holsnøy hjortevald :

For Meland kommune :

VEDLEGG 2: Framlegg - kvotefordeling mellom jaktfelt

Jaktfelt	Tildelt	Kalv tildelt	Bukk 1 ½ år tildelt	Kolle/tildelt	Bukk/tildelt	Areal	Areal/dyr
				(frå 1 ½ år)	(frå 2 ½ år)		
Skintveit	1			1		1018	1018
Rosslund	7	1	2	2	2	3601	514
Åsebø	2		1	1		885	443
Vikebø,	1			1		1006	1006
Skurtveit	4	1	1	1	1	2068	517
Io	6	2	1	2	1	2236	373
Landsvik N	3	1	1	1		2001	667
Landsvik S	4	1	1	1	1	2556	639
Kårbø	1			1		777	777
Husebø , Bratshaug, Sætrevik	6	1	2	2	1	3517	
							586
Skjelanger, Bratshaug	6	1	1	3	1	3517	
							586
Sum	41	8	10	16	7	23182	565

41,0

Kalv	20 %
1 ½ år hanndyr	25 %
Vaksen hodyr (1 ½ år og eldre)	40 %
Vaksne hanndyr (2 ½ år og eldre)	15 %